



STORTINGET

Innst. 146 L

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
fra arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 40 L (2024–2025)

**Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om
Endringer i folketrygdlova m.m. (medlemskap i
folketrygda for personar tilsette i hotell- og restau-
rantverksemd på turistskip registrerte i norsk
internasjonalt skipsregister)**

Til Stortinget

1. Innledning

1.1 Proposisjonens hovudinnhald

I proposisjonen blir det fremja endringar i:

- lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs
- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova)
- lov 21. juni 2013 nr. 102 om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip (skipsarbeidslova).

Som hovudregel er alle som er busette i Noreg, eller som er arbeidstakarar i Noreg, på norskregistrerte skip eller på faste eller flyttbare anlegg og innretningar på den norske kontinentalsokkelen, pliktige medlemmar i folketrygda. Det same gjeld visse kategoriar av norske statsborgarar som arbeider i utlandet. Andre personar kan på nærmare vilkår søke om frivillig medlemskap i trygda.

Personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister (heretter NIS), er i dag eksplisitt unntatt frå både pliktig og frivillig medlemskap i folke-

trygda, sjå folketrygdlova § 2-12. Føresegna i § 2-12 gjeld både for norske og utanlandske statsborgarar.

Det blir i proposisjonen foreslått å oppheve folketrygdlova § 2-12 for å likestille personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS, med andre kategoriar av arbeidstakarar på tilsvarende skip. Vidare blir det foreslått korresponderande endringar i folketrygdlova, skipsarbeidslova og lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs.

Det vert i kapittel 2 i proposisjonen gjort greie for bakgrunn og gjeldande rett, herunder:

- Folkerettslege føresegner om lovval
- Folketrygdlova § 2-12.

Forslag til endringar i regelverket om medlemskap i folketrygdlova m.m. for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS har vore på høyring, herunder:

- Forslag om å oppheve folketrygdlova § 2-12
- Forslag om å justere folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f, det vil seie fjerne tilvisinga.
- Forslag om endringar i anna lovgiving, herunder:
 - Endringar i lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs, det vil seie å oppheve § 2 nr. 2 andre ledd.
 - Endringar i skipsarbeidslova, det vil seie å oppheve § 4-7 andre ledd.

Høyringsinstansane sine merknadar er nærmare omtalte i kapittel 4, 5 og 6 i proposisjonen.

Det blir foreslått at lova skal gjelde frå den tida Kongen fastset.

1.2 Forslaget om å oppheve folke-trygdlova § 2-12

1.2.1 DEPARTEMENTETS FORSLAG

I kapittel 4.2 i proposisjonen er det detaljert gjort greie for vurderingar når det gjeld:

- Å fremme likestilling innanfor maritim næring
- Auka kostnader for reiarlaga og fare for utflagging
- Behov for overgangsreglar
- Internasjonale forpliktingar

Etter ei samla vurdering av dei motstridande omsy- na lovforslaget reiser, er det omsynet til likebehandling av alle norske borgarar og EØS-borgarar som arbeider om bord på NIS-registrerte skip, som må vege tyngre enn omsynet til auka kostnader for reiarlaga og faren for utflagging.

Det blir dermed foreslått at folketrygdlova § 2-12 blir oppheva.

1.3 Forslag om endringar i til- støytande lovgiving

1.3.1 FORSLAGET OM Å JUSTERE FOLKETRYGD- LOVA § 2-5 FØRSTE LEDD BOKSTAV F

Det blir foreslått å fjerne tilvisinga i folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f til § 2-12, som ein konsekvens av forslaget om å oppheve § 2-12.

Folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f vil da lyde: «norsk statsborger og arbeidstaker på et norskregistrert skip,»

1.3.2 FORSLAG OM ENDRINGAR I ANNA LOVGIVING

Det blir foreslått å oppheve lov om pensjonsord- ning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd og skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd.

1.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ein har ikkje oversikt over kor mange som vil bli på- verka av forslaget, da denne persongruppa ikkje er med- lemmer i folketrygda i dag og følgeleg ikkje har rett til ytingar eller tenester frå Arbeids- og velferdsetaten.

Sjøfartsdirektoratet har opplyst at det er fleire skip i NIS som kan kategoriserast som «turistskip», med refe- ranse til at dette er passasjerskip som frakter passasjerar, men ikkje i fast rutetilbod over lengre tid.

Ifølge Sjøfartsdirektoratet er ikkje reiarlag pålagde å innrapportere tal på tilsette eller informasjon om sa- mansetninga av mannskapet. Sjøfartsdirektoratet kan derfor ikkje gi sikre tal på kor mange personar som inn- går i hotell- og restaurantdelen om bord i NIS-registrer-

te passasjerskip, eller seie noko om mannskapet si for- deling med omsyn til statsborgarskap og bustadland og, av desse, tal på tredjelandsborgarar kontra EØS-bor- garar. Sjøfartsdirektoratet har likevel i høyringssvaret sitt påpeikt at majoriteten av tilsette på cruiseskip har stillingar innan hotell- og restaurantverksemd.

Eit grovt anslag tilseier at hotell- og restaurant- besetningen på dei aktuelle skipa utgjer om lag 4 000 stillingar. Det blir lagt til grunn at ei stilling på grunn av rotasjonsordningar som oftast vil bli dekt av to sjøfolk, noko som tilseier at det totale talet på personar i den ak- tuelle gruppa er om lag 8 000. Dette er svært usikre esti- mat. Det forelegg elles ingen haldepunkt for å seie noko om kor mange av desse om lag 8 000 personane som vil oppfylle vilkåra for å bli pliktige medlemmar i folketryg- da m.m. etter lovendringane som departementet fore- slår. Det blir likevel antatt at hovuddelen av denne per- songruppa er frå statar utanfor EØS, slik at dei ikkje vil bli medlemmar i folketrygda.

I kapittel 6 i proposisjonen er det detaljert gjort greie for:

- Konsekvensar for Arbeids- og velferdsetaten og fol- ketrygda
- Konsekvensar for Maritim pensjonskasse
- Konsekvensar for reiarlaga
- Konsekvensar for tilskotsordninga for sysselsetting av sjøfolk
- Konsekvensar for Sjøfartsdirektoratet
- Konsekvensar for tilsette i hotell- og restaurant- verksemd om bord på turistskip registrerte i NIS.

2. Komiteens behandling

Som ledd i komiteens behandling av proposisjonen ble det åpnet for skriftlige innspill.

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på stortinget.no.

3. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeider- partiet, Marie-Helene H. Brandsdal, Tone E. Berge Hansen, Per Vidar Kjølmoen og Anette Trettebergstuen, fra Høyre, Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebø, fra Fremskrittspartiet, Alf Erik Bergstøl Andersen og Dagfinn Henrik Olsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø og lederen Freddy André Øvstegård, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, og fra Rødt, Mimir Kristjánsson, viser til Prop. 40 L (2024–2025) Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folke-

trygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister).

Komiteen viser til at som hovedregel er alle som er bosatt i Norge, eller som er arbeidstakere i Norge, på norskregistrerte skip eller på faste eller flyttbare anlegg og innretninger på den norske kontinentsokkelen, pliktige medlemmer i folketrygden. Videre viser komiteen til at dersom proposisjonen vedtas, medfører det endringer i folketrygdloven, skipsarbeidsloven og lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs.

Komiteen merker seg proposisjonens intensjon, som er å likestille personer som er ansatt i hotell- og restaurantvirksomhet om bord på turistskip registrert i NIS, med andre kategorier av arbeidstakere på tilsvarende skip.

Komiteen vil bemerke at det norske trygdesystemet er bundet opp mot EØS-avtalen ved trygdeforordningen og gjennomføringsforordningen. Videre er det inngått flere bilaterale avtaler som også påvirker koordineringen av trygdeordninger.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, viser til at det har vært utfordringer knyttet til at norske arbeidstakere i hotell- og restaurantvirksomhet mister medlemskapet i folketrygden når de arbeider på NIS-registrerte skip, noe som har ført til at mange søker seg til jobber på land eller unngår å delta på seilas.

Flertallet mener det bør legges til rette for at norske arbeidstakere i hotell- og restaurantvirksomhet på NIS-registrerte skip kan få tilgang til folketrygden gjennom en ordning med frivillig medlemskap. En slik ordning vil kunne styrke rekrutteringen av norske arbeidstakere samtidig som den sikrer fleksibilitet for arbeidstakerne og opprettholder grunnleggende prinsipper for norsk sosialpolitikk.

Flertallet fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utrede og legge frem en sak for Stortinget om å muliggjøre frivillig medlemskap i folketrygden for norske arbeidstakere i hotell- og restaurantvirksomhet på NIS-registrerte skip. Frivillig skal forstås slik at arbeidstaker er den som avgjør hva han eller hun ønsker, og at vedkommende da innvilges samme rettigheter ved inntreden i folketrygden som alle andre arbeidstakere.»

Et annet flertall, alle unntatt medlemmet fra Sosialistisk Venstreparti, understreker at dette tiltaket kan bidra til å redusere bruken av utenlandsk arbeidskraft i denne delen av næringen, noe som igjen vil styrke norsk arbeidsliv og gi bedre vilkår for norske arbeidstakere. Det er viktig at norske arbeidstakere ikke utesten-

ges fra deler av arbeidsmarkedet på grunn av forskjeller i trygdeordninger.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at frivillig medlemskap i folketrygden for norske arbeidstakere i hotell- og restaurantvirksomhet på NIS-registrerte skip er vurdert av departementet og avvist. Disse medlemmer ser derfor ikke at en eventuell ny utredning om et slikt frivillig medlemskap vil gi et annet svar. Derfor er det bare to alternativ: enten å fortsette med gjeldende unntak i folketrygdloven § 2-12 eller å fjerne dagens unntak i tråd med proposisjonen. Disse medlemmer støtter proposisjonens forslag til lovendring.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«I

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs blir § 2 nr. 2 andre ledd oppheva.

Noverande § 2 nr. 2 tredje ledd blir andre ledd.

II

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir det gjort følgende endringar:

§ 2-5 første ledd bokstav f skal lyde:

f. norsk statsborger og arbeidstaker på et norskregistrert skip,

§ 2-12 blir oppheva.

III

I lov 21. juni 2013 nr. 102 om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip blir § 4-7 andre ledd oppheva.

Noverande § 4-7 tredje til sjette ledd blir andre til femte ledd.

IV

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.»

4. Forslag fra mindretall

Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet:

Forslag 1

I

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs blir § 2 nr. 2 andre ledd oppheva.

Noverande § 2 nr. 2 tredje ledd blir andre ledd.

II

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir det gjort følgende endringar:

§ 2-5 første ledd bokstav f skal lyde:

- f. norsk statsborger og arbeidstaker på et norskregistrert skip,

§ 2-12 blir oppheva.

III

I lov 21. juni 2013 nr. 102 om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip blir § 4-7 andre ledd oppheva.

Noverande § 4-7 tredje til sjette ledd blir andre til femte ledd.

IV

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

5. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet og Rødt.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 18. februar 2025

Freddy André Øvstegård

leder

Dagfinn Henrik Olsen

ordfører

vedtak:

I

Stortinget ber regjeringen utrede og legge frem en sak for Stortinget om å muliggjøre frivillig medlemskap i folketrygden for norske arbeidstakere i hotell- og restaurantvirksomhet på NIS-registrerte skip. Frivillig skal forstås slik at arbeidstaker er den som avgjør hva han eller hun ønsker, og at vedkommende da innvilges samme rettigheter ved inntreden i folketrygden som alle andre arbeidstakere.

II

Prop. 40 L (2024–2025) Endringer i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister) – vedlegges protokollen.

